

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2024/1194 - 547/2025

Saksbehandlar:

Randi Marie Omdal

Dato:

17.01.2025

Svar på høyring om endringar i spesialisthelsetenestelova og helse- og omsorgstenestelova- godkjenning av verksemder mv.

Helse Vest RHF takkar for invitasjon til å gi høyringsuttale på høyring om endringar i spesialisthelsetenestelova og helse- og omsorgstenestelova – godkjenning av verksemder mv.

Spesialisthelsetenestelova § 4-1 gir i dag heimel til å forskriftsfeste krav om godkjenning av verksemder som blir omfatta av lova, av omsyn til kvaliteten på tenestetilbodet, pasienttryggleik, samfunnstryggleik og beredskap.

Helse Vest støttar forslaga skissert i høyringsnotatet om lovendringar som skal sikre oss mot at etablering av private aktørar truar bemanninga i vår offentleg eide og finansierte helseteneste. Dette fordi mangel på kvalifisert helsepersonell kan true beredskap, kapasitet og kvalitet i vår felles helseteneste.

Medarbeidarane er vår viktigaste ressurs for å kunne tilby befolkninga helse- og omsorgstenester av god kvalitet. For å behalde og rekruttere tilstrekkeleg kvalifisert personell i desse tenestene, må vi sørge for at medarbeidarane har gode arbeidsvilkår, meningsfulle oppgåver og utviklingsmoglegheiter. Samstundes kan vi trenge å ta i bruk fleire verkemidlar. Ei godkjenningsordning for private verksemder som vil tilby helse- og omsorgstenester meiner vi kan vere eitt av fleire verkemidlar når mangel på personell er alvorleg og nærliggjande.

I Meld. St. 9 (2023-2024) Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027, blei mangel på personell skissert som ein av tre hovudutfordringar for framtidas offentlege helse- og omsorgstenester. Dersom private helsetilbod veks og blir utvida på ein slik måte at det skaper stor press på personellressursar innan den offentlege helse- og omsorgstenesta, er det nødvendig med statleg styring.

Det er også et viktig poeng at ei godkjenningsordning kjem pasientane og befolkninga til gode. Konkurransen om knappe personellressursar kan vere uheldig dersom han går utover vår

evne til å tilby pasientane forsvarlege helse- og omsorgstenester, og å ha beredskap for heile befolkninga. Ei godkjenningsordning vil også kunne fungere som eit eigna verkemiddel for å bidra til å sikre likeverdig tilgang til helsetenester for befolkninga.

Departementet har bede høyringsinstansane om å gi innspel om det bør lovregulerast at dei som kan bli ramma av personellmangelen skal få høve til å uttale seg ved vurdering av om godkjenning skal bli gitt. Vi støttar dette.

Videre støttar Helse Vest forslaget om å etablere ein heimel for å kunne stille vilkår for at verksemder kan bruke nemningane sjukehus og legevakt, og eventuelt leggje ned forbod. Det må være tydeleg for pasientane kva verksemder som er sjukehus og kva verksemder som ikkje er det. Dette fordi pasientane forventar at verksemder som kallar seg sjukehus har døgnopen bemanning heile året, akuttberedskap, spesialiserte tenester, moglegheiter for akutt og planlagt innlegging osv.

Helse Vest støttar med dette forslaga i høyringsnotatet.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
administrerende direktør

Ivar Eriksen
eigardirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne administrerende direktør

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)